

Årsmelding frå kommunestyregruppa for 2021

Dette året har handla mykje om corona også i Tromsø kommune. Vi har vore gjennom fleire rundar med tiltak. Det har vore krevjande å finne den rette balansen mellom å kontrollere viruset og arbeidsbyrden i helsetenester, skole og barnehage på den eine sida og omsynet til arbeidsplassar i reiseliv og uteliv på den andre sida. Vi meiner at vi har klart denne balansen godt i Tromsø kommune når vi har hatt moglegheit til å vurdere dette sjølv. Men det er ingen tvil om at arbeidsbyrden i helsetenestene våre, i skolane våre, i barnehagane våre og andre brukarretta tenester har vore stor og at vi har vore avhengige av at det har vore gjort ein verkeleg stor innsats frå dei tilsette. Pandemien har synleggjort problemet med at vi i for mange tenester har for låg grunnbemannning og at vi dermed er sårbare for uføresette hendingar.

Trass i dette har vi i dette året tatt nokre viktige steg i rett retning. Kanskje har det aller viktigaste vore at vi har vedtatt ei utviding og opptrapping av kapasiteten i heildøgns omsorg. Dette saman med at vi er nærmare gjennomføring av mange viktige bygg innafor helse og omsorg dei viktigaste stega vi har tatt i rett retning i året som har gått.

I år fekk Tromsø for første gong besøk av ein atomubåt til ei sivil hamn. Det er skremmande med tanke på at det er nært det største sjukehuset i Nord-Noreg og at beredskapen ikkje er så god som vi meiner den burde vere. Dessverre gjekk eit fleirtal i kommunestyret med på dette etter hardt press frå sentrale styresmakter. For SV er dette ei viktig sak. Det eine er at konsekvensane av eit uhell vil vere svært store, sjølv om sjansane for at det skal skje er små. Det andre er sjølvsagt at det kan vere med på å gjere Tromsø til eit mål i ein krigssituasjon og definitivt er med på å auke spenningsnivået i nordområda. Spesielt når desse anløpa blir samanhødde med at vi har fått faste basar for amerikansk militært personell i Noreg. Noreg og Nord-Noreg er lite tent med denne auken i spenningsnivået mellom NATO og Russland.

I desember vedtok vi budsjettet for 2022. Det budsjettet er ei storsatsing på ulike bygg til helse og bygginga av omsorgsbustader. I tillegg vil vi i året som kjem sannsynlegvis få kjøpt Åsgårdmarka. Det vil vere eit stort tilskott til kommunen si moglegheit til å bygge bustader. Planane for Åsgårdsmarka er ikkje endeleg ferdige, men det vil sannsynlegvis bli ei blanding av utleigebustader, leige til eige, vanlege bustader og omsorgsbustader.

I året som kjem vil fleire store saker komme til kommunestyret. Åsgårdmarka er allereie nemnt. Kystsoneplanen, sentrumsplanen og kommuneplanens arealdel vil sannsynlegvis komme til politisk handsaming i år.

Kommunestyregruppa ser fram til året som kjem og håper på mange gode innspel, kritikk og diskusjon om korleis Tromsø kommune skal utvikle seg framover. I kommunestyregruppa håper vi at vi i året som kjem skal kunne møtast andlet til andlet mange gonger for å diskutere saker.

Fordeling av oppgåver i kommunestyregruppa

I desember vart det gjort nokre endringar i denne fordelinga. Benjamin Notkevich gjekk av etter eiga ønske som leiar i oppvekstutvalet. Han vart erstatta av Pål Julius Skogholt. Som ein følgje av dette gjekk Sigrid B. Hammer inn som nestleiar i miljøutvalet og Benjamin gjekk inn i det utvalet som medlem.

Gruppeleiar:

- Pål Julius Skogholt

Gruppestyret:

- Pål Julius Skogholt
- Gunhild Johansen
- Benjamin A. Notkevich (her har gruppa enno ikkje tatt stilling til om det blir endringar etter at Benjamin gjekk av som leiar i utvalet)

Formannskapet:

- Pål Julius Skogholt
- Åsne Høgetveit

Hovudutvala

Helse og velferdsutvalet:

- Gunhild Johansen, leiar
- Abdalla Ali Mohammed

Kommune og byutviklingsutvalet:

- Åsne Høgetveit
- Ingrid Hovda Lien

Kultur, idrett og friluftlisutvalet:

- Maja S. Lockert

Miljø klima og samferdselsutvalet:

- Pål Julius Skogholt, nestleiar fram til desember 2021/
Sigrid B. Hammer, nestleiar frå og med desember 2021
- Sigrid B. Hammer, medlem fram til desember 2021/
Benjamin Arvola Notkevich, medlem frå og med desember 2021

Oppvekst og utdanningsutvalet:

- Benjamin A. Notkevich, leiar fram til desember 2021/
Pål Julius Skogholt, leiar frå og med desember 2021

Andre utval

Integreringsutvalet:

- Abdalla Ali Mohammed, leiar

Likestillingsutvalet:

- Sigrid B. Hammer

Kontrollutvalet

- Gerd Bjørhovde

Viltnemda

- Stein Valkoinen, leiar

Skattetakstnemda

- Jørund Jørgensen, leiar

Diverse styreverv:

Styret i Remiks:

- Pål Julius Skogholt

Styret i ASVO:

- Maja Lockert

Hamnestyret:

- May-Britt Ellingsen, nestleiar

Aurora Kino

- Maja Lockert

Tromsø Parkering

- Gunhild Johansen

Tromsøbadet

- Åsne Høgetveit

Tromsø kommunale pensjonskasse

- Ellen Øseth

Her finn du kontaktinformasjon til kommunestyregruppa: [Folkevalgte 2019-2023 - Tromsø SV \(tromsosv.no\)](https://www.tromsosv.no/folkevalgte-2019-2023-tromsø-sv)

Gruppa får eit gruppefrikjøp på til saman. 392 000. Av dette går 333 000,- til frikjøp for gruppa, og 55 000,- blir overført til kommunestyregruppas konto. I Tromsø kommune er eit 100% frikjøp for andre enn ordførar er definert til å vere ei årlsløn på 670 000 brutto. Ingen av våre representantar har i dette året hatt så høgt frikjøp. Pål Julius Skogholt, Gunhild

Johansen og Benjamin Notkevich jobbar i realiteten heiltid med politikk og det er derfor desse utgjer gruppestyret. Benjamin slutta 15. desember i 2021

Frikjøpet er med dette fordelt slik:

- Pål Julius Skogholt 87% (formannskap+nestleiar i hovudutval+gruppfrikjøp)
- Gunhild Johansen 70% (hovudutvalsleiar)
- Benjamin Notkevich 70% (hovudutvalsleiar) (fram til desember 2021)
- Åsne Høgetveit 30% (formannskapsmedlem)
- Sigrid B. Hammer 15% (nestleiar i miljøutvalet) frå desember 2021
- Abdalla Mohammedali 10% (leiar integreringsutvalet)

I Tromsø SV er partiskatten 10% av møtegodtgjering ol. Og 5% på frikjøp.

Informasjon og kommunikasjon med medlemmene

Kommunestyregruppa har rapportert fortløpande til medlemmene etter kvart kommunestyremøte i denne perioden. Desse rapportane følgjer vedlagt. Gruppa har prøvd å hente inn innspel til sakene i forkant av utvalsmøte og kommunestyremøte. Det er i hovudsak gjort gjennom å bruke facebooksida «Tromsø SV interndebatt», men vi har ikkje klart å følgje dette opp like systematisk som rapportane frå kommunestyremøta. Vi har også arrangert møter på ulike tema.

Gruppa er framleis interessert i å finne betre måtar å gje medlemmene innverknad på sakene som skal handsamast i folkevalde organ. Utfordringa er å finne måtar å gjere det på som er effektive både for medlemmene og for gruppa.